



NVE

AKSLANDSELVA KRAFTVERK AS

Postboks 24

5401 STORD

Vår dato: 19.06.2026

Vår ref.: 200707947-43 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE sitt vedtak - søknad om auka slukeevne for Akslandselva kraftverk i Etne kommune, Vestland fylke

NVE gir Akslandselva Kraftverk AS løyve etter vassressurslova § 8 til å auke maksimal slukeevne til 730 l/s i Akslandselva kraftverk. Etter NVE si vurdering er fordelane ved ein produksjonsauke på 0,15 GWh/år større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Bakgrunn

Akslandselva Kraftverk AS fekk den 25.03.2011 konsesjon etter vassressurslova § 8 til bygging av Akslandselva kraftverk i Etne kommune i Vestland fylke. Kraftverket vart sett i drift i 2013, og har ein installert effekt på 1,7 MW og ein årleg produksjon på om lag 5,5 GWh. Kraftverket si største slukeevne er 670 l/s. I konsesjonen sette NVE vilkår om slepp av minstevassføring på 25 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 15 l/s resten av året, for å avgrense negative verknader for naturmangfald og vassdragsmiljø.

Søknad

NVE mottek den 22.03.2021 ein søknad frå Akslandselva Kraftverk AS om å auke maksimal slukeevne i Akslandselva kraftverk frå 670 l/s til 730 l/s. Det er kapasitet for endringa i slukeevne med noverande turbin og generator, og tiltaket krev derfor ingen nye tekniske inngrep. Ifølgje søknaden er det venta at tiltaket vil auke årsproduksjonen frå dagens 5,5 GWh/år til 5,65 GWh/år.

Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden har vore sendt på avgrensa høyring til Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestland. Høyringsfråsegnene har vore lagt fram for søkjar til kommentar. NVE har motteke følgjande fråsegner til søknaden:

Etne kommune uttalte følgjande i brev av 30.04.2025:

(...)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

I opphavelag søknad for Aksland kraftverk, i rapport om biologisk mangfold (Ambio 2009) er registrert naturtype bekkekløft sett til middels verdi (s. 21), og verknaden av tiltaket til middels negativ (s. 24). Der følger ikkje ei særskilt fagleg vurdering i endringssøknaden, om verknaden for bekkekløfta som følgje av 3,5 % lågare vassføring i snitt. Slik vi les opphavleg rapport er det lite som tyder på at ei såpass marginal endring ville gitt endring av vurdert verknad for bekkekløfta enn middels negativ; og ei heller endringar for andre fagtema, t.d. fisk og landskap. Vi klipper nedanfor inn oppsummeringa frå s. 25 i rapporten, der det m.a. er vurdert at Akslandselva ikkje framhevar seg særskilt i høve til andre nemnte vassdrag i vår kommune. Dei spesielle førekomstane av naturbeitemark og beitesopp vert ikkje påverka av omsøkt endring.

(...)

Der kjem inn fleire småbekker og ei litt større elv inn i Akslandselva frå sør nedom dagens inntak, som bidreg til restvassføring i vassdraget. Nemnte elv i sør låg inne i den opphavlege søknaden for utbygginga, men vart teke ut av planane undervegs. Elles så syner nedbørsdata dei siste tiåra at nedbøren aukar i landet, inkl. vårt distrikt.

Planlagt endring er oppgitt å gi tilnærma ingen kostnader for søkjar, sidan turbin og generator har ledig kapasitet. Endringa gir auke i produksjon av rein energi, om enn ikkje så stor. Dei negative verknadane synast å vere marginale.

Såleis synast der å vere klart større nytte enn ulempe knytt til dei omsøkte endringane. Basert på opphavleg søknad, inkl. rapport om biologisk mangfold, og høyringsinnspel og vurderingar gjort for omsøkt endring, synast krava i naturmangfaldslova § 7, jf. §§ 8-12 å vere oppfylte, slik vi ser det.

Etne kommune rår til at søknaden vert stetta.

Vestland fylkeskommune uttalte følgjande i brev av 21.02.2025:

(...)

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune. Tiltaket vedkjem ingen kulturminneinteresser. Vi viser elles til vår fråsegn i samband med tidlegare høyring av eksisterande konsesjon. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Kulturminneforvaltninga har ingen merknader til kulturminne, men minner om meldeplikt etter kulturminnelova § 8, andre ledd ved funn av automatisk freda kulturminne. For biologisk mangfold viser fylkeskommunen til Fornybarplanens retningslinjer (21–24) om restriktiv praksis ved konflikt med truga artar/naturtypar, krav om minstevassføring for elver med vintererle og fossefall, og behov for avbøtande tiltak ved konflikt med natur av stor/middels verdi. Dei peikar på at vassforskrifta § 12 og naturmangfaldlova §§ 8–12 skal



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vurderast ved enkeltvedtak. Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka.

Biologisk mangfald

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon. Fornybarplanen Retningslinje 22 seier at ein tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi (jf. verdivurdering av raudlisteartar, naturtypar og truga vegetasjonstypar som framkjem av dei nasjonale retningslinene for små vasskraftverk), må pårekna pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten. Retningslinje 23 seier at ein skal ein vere restriktive med å gje løyve til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon for vatn med hekkande lom. Retningslinje 24 seier at det må setjast krav om naudsynt minstevassføring for elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av 15. november 2004, § 1 a seier at utan løyve frå Statsforvaltaren eller fylkeskommunen er det forbode å sette i verk fysiske tiltak som fører til eller kan føre til fare for å redusere produksjonstilhøva for fisk eller andre ferskvassorganismar i vatn og vassdrag. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps.

Ved inngrep i vassdrag må tiltakshavar søkja etter forskrift om fysiske inngrep i vassdrag, sjølv om tiltaket ligg inne i arealplan eller reguleringsplan. Unnataket er dersom t.d. ei vasskraftsak er under konsesjonshandsaming hjå NVE. Då skal NVE ivareta «Forskrift om fysiske inngrep i vassdrag» i sine vedtak.

Vannforskriften § 12 skal vurderast når det skal fattast enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan medføre at miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Dette kan være vedtak med heimel i forurensningsloven, vannressursloven, vassdragsreguleringsloven, akvakulturloven, havne- og farvannsloven, jordlova, lakse- og innlandsfiskloven, plan- og bygningsloven mv.

Naturmangfoldlova §§ 8–12 skal vurderast i tiltak for å ivareta; kunnskapsgrunnlaget, føre var prinsippet, samla belastning, kostnadar ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Statsforvaltaren i Vestland uttalte følgjande i brev av 20.02.2025:

(...)

Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premisser for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og allmenne interesser ved vasskraftutbyggingar. Vassføringar større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, tilfører vatn utover minstevassføringa og gir ein dynamikk som er viktig for naturmiljø og friluftsinnteresser. Store delar av den utbygde strekninga i Akslandselva påverkar naturtypelokaliteten «bekkeløft og bergvegg». Lokaliteten har fått verdi B (viktig), sidan det



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

er funne hinnebregne og fuktkrevjande mosar, noko som peikar i retning av eit ganske fuktig og velutvikla kløftmiljø. Konsekvensane av redusert vassføring etter utbygging for den viktige bekkekløfta, er drøfta i bakgrunnsdokumentet for konsesjonen. Det blei fastsett krav om høgare minstevassføring enn det søknaden la opp til, for å kunne avbøte skadar på lokaliteten. Lokaliteten er ikkje omtalt i endringssøknaden, og vi kjenner ikkje til at lokaliteten skal ha vore undersøkt etter utbygginga. Ytterlegare redusert vassføring vil forverre livsgrunnlaget for fuktkrevjande artar. Vi meiner det kan vere uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere auka inngrep og vassutnytting i disfavør av allmenne interesser.

Søknaden gjeld ei relativt moderat auke, til eit nivå som framleis vil ligge innafor det som har vore vanleg for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Vi meiner likevel det bør leggjast vekt på at gjeldande vilkår er fastsett slik at påverknaden på den fuktkrevjande naturtypelokaliteten blir akseptabel. Det er heller ikkje utført nye undersøkingar som skulle tilseie at dei fuktkrevjande artane i lokaliteten vil tole ytterlegare redusert vassføring. Vi vil ut frå dette rå frå at det blir gitt løyve til å auke slukeevna i Akslandselva kraftverk.

Akslandselva Kraft AS kommenterte dei innkomne høyringsfråsegnene i brev av 12.02.2026:

(...)

Vestland Fylkeskommune

I deira uttale skriv dei at tiltaket ikkje vedkjem kulturminneinteresser. Elles viser Vestland Fylkeskommune til fornybarhetsplanen sine retningslinjer 21–24, vannforskrifta §12 og naturmangfaldslova §§8–12. Dette ser me på som generell informasjon knytt til forvaltning opp mot vasskraftprosjekt og at det er ikkje noko som er motstridande opp mot omsøkt tiltak.

Statsforvaltaren i Vestland

Vassføring i elva

Statsforvaltaren peikar i sin uttale på at det er viktig med vassføring i elva etter ein kraftutbygging. I Akslandselva er kravet til minstevassføring 25 l/s (vinter) og 15 l/s (sommars), samtidig som Lauviksbekken har krav minstevassføring på 5 l/s (heile året). Det er samtidig eit restfelt som gir vatn i elva nedstraums inntaket.

I søknaden om auka slukeevne er det gjort hydrologisk analyse av korleis auka slukeevne vil påverke vassføringa i Akslandselva. Analyse av tørt, år, middels år og vått år syner at auka slukeevne vil gi mellom 2–10 færre dagar med overløp og at endringa er minst i tørre år. Hydrologiske analyser, som er gitt i søknaden, syner at det vil vere 15 dagar med overløp i tørt år, 51 dagar med overløp i middels vått år og 58 dagar med overløp i vått år. Dette syner at det vil vere ein del overløp i vassdraget som sikrar meir vatn enn minstevassføringa. Sidan omsøkt tiltak fører ei liten endring i antal dagar med overløp meiner me at vassføringa i elva ikkje vert påverka i monaleg grad.

Naturkvaliteten «bekkløft og bergvegg»

Statsforvaltaren skriv i sin uttale «...Lokaliteten har fått verdi B (viktig), sidan det er funne hinnebregne og fuktkrevjande moser, noko som peiker i retning av eit ganske fuktig og



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vellutvikla kløftmiljø...» Me gjer merksam på at hinnebregne er vurdert i Norsk Rødliste for arter i 2021 som livskraftig og det var same vurdering som vart gjort i 2015 og 2010. Det vil seie at arten er ikkje oppført som truga. Fuktgivande mose som Statsforvaltaren òg viser til kjem ikkje fram i Naturbasen. Dei mosane (storstylte, småstylte, kysttornermose, pelssåtemose og krusfellmose) som vart omtala i konsesjonssøknaden er alle livskraftige artar jamfør Norsk Rødliste for arter 2021.

Opprinneleg kartlegging i samband med konsesjonssøknaden og oppfølgande kartlegging utført av G. Gaarder (Rapport: Naturtyper i Etne. FMA-rapport 3/2009, Miljøfaglig utredning AS) er ikkje stadspesifikk nok til at ein kan foreta ein rein etterprøving av funn.

Statsforvaltaren peikar på at fråføring av vatn påvirker naturtypen «bekkekløft og bergvegg». Denne har utbreiinga i nedre delar av Akslandselva og omfattar om lag 2/3 av råka elvestrekning. Då Akslandselva kraftverk fekk konsesjon var denne omtalt og den var mellom anna grunn til at kravet til minstevassføringa vart auka. Me kan då rekne at forvaltninga har teke omsyn til denne naturtypen i samband med konsesjonshandsaminga. Gjennom minstevassføringa frå inntaket vert «bekkekløft og bergvegg» tilført vatn kontinuerleg. Reduksjon av ytterlegare vassføring i 2–10 dagar (sjå punktet over) meiner me er marginalt for naturtypen og at påverknaden av tiltaket vil vere liten.

Justering av kraftprosjekt

Statsforvaltaren skriv i sin uttale at det er uheldig at kraftprosjekt vert justert etter ei utbygging er gjennomført. I denne saken er justeringa marginal og me er ikkje einig med Statsforvaltaren om at dette gjeld ein moderat auke. Klimaendringar gjer at me får eit meir vilt og vått klima og det fører igjen til det kan vere behov for å justere kraftprosjekt. Ved liten innsats og ingen nye naturinngrep, kan ein nytte allereie eksisterande infrastruktur og maskinpark til å produsere meir fornybar energi.

Etne kommune

Rår til at søknaden vert stetta og meiner dei negative verkanden synast å vere marginale. Me er samd med Etne kommune i deira faglege vurdering.

Oppsummering

Å auke slukeevne i Akslandselva kraftverk har vist seg å ha marginale endringar i hydrologiske forhold. Forhold knytt til naturtypen «bekkekløft og bergvegg» vert teke vare på gjennom minstevassføringa og elles overløp i elva. Samtidig bidreg klimaendringar til auka nedbør.

Me ser på verkanden av tiltaket som små og håpar Akslandselva kraftverk kan auke slukeevna for å kunne produsere meir fornybar energi i periodar med mykje vatn.

NVE si vurdering

NVE skal behandla søknaden etter føresegnene i vassressurslova. I vurderinga av søknaden om auka slukeevne for Akslandselva kraftverk legg vi til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 og vurderingane etter vassforskrifta § 12. Etter vassressurslova § 25 kan løyve berre givast dersom fordelane ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltaket sin verknad for naturmangfald og vassmiljø er sentral i denne vurderinga, og blir vurdert nedanfor.

Kunnskapsgrunnlag

I NVE si vurdering av konsekvensane for miljø og samfunn har vi lagt til grunn informasjonen som er lagt fram i søknaden, opphavleg konsesjonssøknad med naturmangfaldrapport frå 2009, innkomne høyringsfråsegner og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 27.01.2026.

NVE merkar seg at kunnskapsgrunnlaget er av eldre dato. Naturmangfaldrapporten i samband med konsesjonssøknaden er datert i 2009. Denne byggjer på ei feltkartlegging frå november 2005, og inneheld supplerte registreringar frå 2006. Det er ikkje gjort nye kartleggingar av tiltaksområdet i etterkant. I Artskart og Naturbase er det ikkje gjort nye registreringar etter konsesjonsvedtaket av 25.03.2011.

NVE delar Statsforvaltaren si vurdering, som påpeiker at søknaden byggjer på ein miljørapport frå 2009. Kunnskapsgrunnlaget framstår noko forelda. NVE legg difor til grunn at naturmangfaldet som er skildra i rapporten frå 2009 framleis er å finne langs vassdraget.

For det hydrologiske kunnskapsgrunnlaget har NVE lagt vekt på søknaden og det oppdaterte hydrologiske notatet, datert 12.05.2026.

NVE vurderer at det samla kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere tiltakets omfang og verknad på miljø og samfunn, og til å fatte vedtak. Etter vår vurdering er dermed krava i vassressurslova § 23 og naturmangfaldlova § 8 oppfylte.

Hydrologi

Akslandselva kraftverk har i dag ei maksimal slukeevne på 670 l/s. Det er fastsett vilkår om slepp av minstevassføring på 25 l/s i perioden 1. mai–30. september og 15 l/s resten av året. Akslandselva kraftverk AS har søkt om å auke maksimal slukeevne til 730 l/s, utan endringar i minstevassføring. For å vurdere søknaden må NVE ta stilling til korleis auka slukeevne vil endre vassføringa i Akslandselva, og om desse endringane er foreinlege med omsynet til naturmangfald og dei føresetnadene som gjeld for dagens løyve.

Det oppdaterte hydrologiske notatet byggjer på vassføringsseriar for perioden 2001–2025. I representative tørre, middels og våte år er reduksjonen i restvassføring nedstraums inntaket berekna til om lag 0,005–0,011 m³/s (5–11 l/s) ved auka slukeevne. Dette svarer til ein reduksjon på om lag 6–7 % i gjennomsnittleg restvassføring. Målt som del av årsmiddelvassføringa utgjer dette ein reduksjon på 2,1–2,4 prosentpoeng (sjå **Tabell 1**). Samstundes blir talet på dagar med overløp redusert med 2 dagar i tørt år, 6 dagar i middels år og 4 dagar i vått år, medan talet på dagar med berre minstevassføring aukar tilsvarande. I eit middels år inneber dette ein reduksjon på om lag 14 % av overløpsdøgna (6 av 44 dagar). Talet på dagar med stans på grunn av lite tilsig er uendra (sjå **Tabell 2**).

Dette inneber at restvassføringsstrekninga i større grad vil vere prega av vassføring nær minstevassføring, og at episodar med høgare vassføring blir sjeldnare. Det gir ei jamnare og mindre variabel vassføring på den utbygde elvestrekninga. NVE vurderer at auka slukeevne vil redusere talet på dagar med overløp, og at periodar med høgare vassføring dermed vil opptre noko

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

sjeldnare enn etter dagens løyve. Samstundes er det tale om avgrensa endringar i eit tiltak der minstevassføringa ligg fast heile året, og der det framleis vil vere overløp i elva i tørre, middels og våte år.

NVE legg vekt på at grunnstrukturen i vassføringsregimet blir vidareført, og at dei avbøtande føresetnadene som låg til grunn for vedtaket i 2011, framleis er oppfylte.

Tabell 1. Vassføringsbudsjett for tørt, middels og vått år i perioden 2001-2025. Tabell henta frå notat.

Åra 2001 - 2025				
Vassføringsbudsjett (m ³ /sek)		Tørt år 2010	Middels år 2023	Vått år 2017
Sum vassføring ved inntak Akslandselva før utbygging Slukeevne 0,67 m ³ /s	Gjennomsnitt	0,227	0,324	0,450
	Minimum	0,002	0,008	0,015
	Maksimum	2,304	4,190	5,586
Sum vassføring nedstrøms inntak i Akslandselva etter utbygging Slukeevne 0,67 m ³ /s	Gjennomsnitt	0,070	0,103	0,155
	Minimum	0,002	0,008	0,015
	Maksimum	1,634	3,520	4,916
Restvassføring av års middelvassføring		30,89 %	31,93 %	34,57 %
Sum vassføring ved inntak Akslandselva før utbygging Slukeevne 0,73 m ³ /s	Gjennomsnitt	0,227	0,324	0,450
	Minimum	0,002	0,008	0,015
	Maksimum	2,304	4,190	5,586
Sum vassføring nedstrøms inntak i Akslandselva etter utbygging Slukeevne 0,73 m ³ /s	Gjennomsnitt	0,065	0,097	0,145
	Minimum	0,002	0,008	0,015
	Maksimum	1,574	3,460	4,856
Restvassføring av års middelvassføring		28,62 %	29,83 %	32,17 %
Endring i vassføring nedstraums inntak ved auka slukeevne frå 0,67 m ³ /s til 0,73 m ³ /s	Gjennomsnitt	-0,005	-0,007	-0,011
	Minimum	0,000	0,000	0,000
	Maksimum	-0,060	-0,060	-0,060
% reduksjon i restvassføring nedstraums inntak ved auka slukeevne.		-2,27 %	-2,10 %	-2,40 %


Tabell 2. Driftsmønster i utvalde år. Tabell henta frå notat.

Driftsmønster	Tørt år 2010			Middels år 2023			Vått år 2017		
	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring
Hele tilsiget går i elven									
Kraftverk står	140	140	0	72	72	0	27	27	0
Minstevannføring i elven									
Kraftverk går	192	194	2	249	255	6	270	274	4
Minstevannføring + overløp									
Kraftverk går	33	31	-2	44	38	-6	68	64	-4
Sum	365	365		365	365		365	365	

Naturmangfald

I samband med konsesjonssøknaden for Akslandselva kraftverk gjennomførte Ambio Miljørådgiving i 2005 ei feltkartlegging av biologisk mangfald i influensområdet. Under kartlegginga vart fleire verdifulle naturtypar registrerte (sjå Figur 1). Naturtypelokaliteten bekkekløft og bergvegg er klassifisert med verdi B og vurdert som viktig. I tillegg ligg det to svært viktige (verdi A) naturbeitemarkslokalitetar sør for Aksland, ein på vestsida og ein på austsida av Akslandselva.

I naturtypelokaliteten bekkekløft og bergvegg er fleire fuktkrevjande artar registrerte, mellom anna fuktkrevjande mosar og den sårbare arten hinnebregne (sårbar – VU), som er typisk for bekkekløftmiljø. I dei to naturbeitemarkslokalitetane (Figur 1, *naturtypar 2 og 3*) vart fleire raudlista artar funne. Dette omfattar beitemarkssoppene slimjordtunge (sterkt trua – EN), grå narremusserong (VU) og raud honningvokssopp (nær trua – NT).



Figur 1. Oversikt over Akslandselva med framheving av verdsette naturtypar, blant anna bekkekløft og bergvegg med middels verdi. Kartutsnitt frå Naturbase.

Tiltakshavar påpeiker at fleire av artane som er registrerte innanfor bekkekløft og bergvegg er vurderte som livskraftige. Dette stemmer overeins med informasjon frå Norsk raudliste, men det endrar ikkje verdiklassifiseringa av naturtypen. Naturtypen sin B-verdi byggjer på heilskapen og artssamansetjinga i kløftmiljøet, og ikkje berre enkeltartar. Naturtypen er kjenneteikna av eit stabilt og fuktig mikroklima, der tilførsel av vatn og periodar med høg luftfukt er ein føresetnad for dei fuktkrevjande artane som inngår i naturtypen.

Etter NVE si vurdering kan reduksjonen i talet på overløpshendingar gi noko færre episodar med høg luftfukt og vassmetting i kløftmiljøet. Samstundes viser dei hydrologiske analysane at endringane er avgrensa, og at det framleis vil vere overløp i elva i tørre, middels og våte år. NVE



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

meiner derfor at dei økologiske funksjonane som opprettheld naturtypen, framleis vil bli ivaretekne innanfor ramma av gjeldande minstevassføringsvilkår.

Elva er eigna som habitat for fossefall. Sjølv om kartlegginga ikkje påviste reir, vurderte ein elva som sannsynleg hekkestad for to par med fossefall. Fiskeforholda vart kartlagde i 2005 og undersøkingane viste at elva har liten verdi for anadrom fisk, med låg førekomst av sjøaure og utan kjent gytebestand. Fylkesmannen peikte den gong på gode førekomstar av aure generelt, men dette var truleg stasjonær fisk. NVE vurderte at redusert vassføring ville gi negative konsekvensar for stasjonær aure og fossefall, fastsett minstevassføring ble gjeve som avbøtande tiltak.

NVE legg til grunn at dei miljøfaglege premissane som låg til grunn for konsesjonsvedtaket i 2011 framleis er styrande ved vurdering av endringar i tiltaket. I 2011 la NVE avgjerande vekt på å sikre tilstrekkeleg restvassføring og vassføringsdynamikk for å avgrense negative verknader for naturmangfaldet, særleg knytt til bekkekløfta.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn for utøving av offentlig styresmakt, jf. § 7. Over har NVE vurdert at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande i denne saka, jf. § 8. Dermed kjem ikkje føre-var-prinsippet i § 9 til bruk. NVE vurderer at tiltaket ikkje er av ein slik storleik at det vil påverke andre omsyn som resten av prinsippa i naturmangfaldlova skal sikre (§§ 10 til 12), og har derfor ikkje vurdert dei som relevante. Vi vurderer heller ikkje at tiltaket vil komme i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. §§ 4 og 5.

NVE vurderer at omsøkt auke i slukeevne, med ein reduksjon på 6 overløpsdagar i eit middels år, vil gi ei endring i vassføringsdynamikken på restvassføringsstrekninga. NVE anerkjend at minstevassføring ikkje fullt ut erstattar naturleg variasjon i vassføringa. Samstundes legg NVE vekt på at gjeldande minstevassføringsvilkår sikrar vassføring gjennom heile året, og at dei avbøtande føresetnadene som låg til grunn for vedtaket i 2011, dermed blir vidareførte.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Tiltaket det er søkt om, vil få følgjer for vassførekomst 042-198-R Akslandselva nedstraums inntak Akslandselva kraftverk. Vassførekomsten Akslandselva har i dag god økologisk tilstand. Dei viktigaste påverknadene i vassførekomsten er vasskraft, med liten grad av påverknad. Miljømålet om god økologisk tilstand er oppnådd.

NVE vurderer at den omsøkte endringa vil redusere vassføringsdynamikken, men ikkje i ein slik grad at tilstanden i vassførekomsten blir vesentleg svekka eller at miljømålet ikkje kan bli nådd. Vassforskrifta § 12 kjem difor ikkje til anvending i denne saka.

NVE sin oppsummering

Dei oppdaterte hydrologiske analysane viser at auka slukeevne vil redusere restvassføringa nedstraums inntaket med om lag 5–11 l/s i representative tørre, middels og våte år. Dette svarer til om lag 6–7 % reduksjon i gjennomsnittleg restvassføring og 2,1–2,4 prosentpoeng av årsmiddelvassføringa. Talet på overløpsdagar blir redusert med 2 dagar i tørt år, 6 dagar i middels år og 4 dagar i vått år, medan talet på dagar med berre minstevassføring aukar tilsvarende. Samla sett inneber dette avgrensa endringar i vassføringsregimet.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE vurderer at tiltaket vil gi noko redusert vassføringsdynamikk på restvassføringsstrekninga, men ikkje i ein slik grad at det gir grunnlag for å leggje til grunn vesentleg svekking av naturmangfaldet knytt til bekkekløfta. NVE legg vekt på at minstevassføringa blir vidareført uendra, at det framleis vil vere overløp i elva i tørre, middels og våte år, og at tiltaket ikkje medfører nye fysiske inngrep.

Når det gjeld nytten av tiltaket, viser NVE til at produksjonsauken er avgrensa, om lag 0,15 GWh/år, og tiltaket kan gjennomførast utan nye fysiske inngrep.

Etter ei samla vurdering meiner NVE at tiltaket ikkje vil føre til ei vesentleg svekking av den registrerte bekkekløfta og andre ulempe for allmenne interesser. På denne bakgrunnen meiner NVE at auka slukeevne kan tillatast utan at det strir mot dei miljøfaglege føresetnadene som låg til grunn for konsesjonen i 2011. Fordelane ved tiltaket er dermed større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser, jf. vassressurslova § 25.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av søknaden og dei føreliggjande uttalane meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet i vassressurslova § 25 er dermed oppfylt. NVE gir løyve til å auke slukeevna i Akslandselva kraftverk frå 670 l/s til 730 l/s.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side

Med helsing

Oscar Østvold
fagleiar

Charlotte Bøhm
rådgivar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

AKSLANDSELVA KRAFTVERK AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE

AKSLANDSELVA KRAFTVERK AS - HEGE ØKLAND

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 10.08.2026. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndighet. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.